



**Utvalg:** Kontrollutvalet i Eidfjord kommune  
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Kommunehuset  
**Dato:** 12.12.2019  
**Tidspunkt:** 09:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Kjartan Haugsnes tlf. 901 89 542 eller til Hogne Haktorson, tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.  
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Kjartan Haugsnes møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Jostein Hovland  
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet  
Ordførar  
Revisor  
Rådmann

## Saksliste

<b>Utvalgs- saksnr</b>	<b>Innhold</b>	<b>Lukket</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
PS 36/19	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 37/19	Godkjenning av møteprotokoll fra forrige møte		
PS 38/19	Milepælsorientering forvaltningsrevisjon bygging av ny sjukeheim		2017/44
PS 39/19	Rutinar for kontrollarbeidet		2019/123
PS 40/19	Korleis melde avbod til møta i kontrollutvalet.		2019/123
PS 41/19	Teieplikt for kontrollutvalet		2019/123
PS 42/19	Informasjon til Kontrollutvalet i starten av valperioden.		2019/123
PS 43/19	Tilrådingar etter evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i valperioden 2015 - 2019.		2019/123
PS 44/19	Plan for eigarskapskontroll 2020 - 2024, godkjenning av prosjektplan		2019/121
PS 45/19	Plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024, godkjenning av prosjektplan		2019/122
PS 46/19	Referatsaker		
RS 6/19	Invitasjon til NKRF-konferansen på Gardermoen 29. - 30.01.2020		2019/61
RS 7/19	Forum for Kontroll og Tilsyn - medlemsinformasjon november 2019		2015/157
PS 47/19	Eventuelt		

**PS 36/19 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**PS 37/19 Godkjenning av møteprotokoll fra forrige møte**



Eidfjord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 217  
Arkivnr: 2017/44-52  
Sakshandsamar: Kjartan Haugsnes

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Eidfjord kommune	38/19	12.12.2019

## Milepælsorientering forvaltningsrevisjon bygging av ny sjukeheim

Bakgrunn for saka.

I heile perioden 2015 -2019 har kontrollutval og revisjon arbeidd med forvaltningsrevisjon av ny sjukeheim i Eidfjord. Kontrollutvalet har i alle sin møte hatt milepælsorienteringar om arbeidet etterkvart som ny sjukeheim har vore under bygging.

Dette er det første møtet i kontrollutvalet for valperioden 2019 – 2023 og sekretariatet har bedd revisjonen oppsummere arbeidet so langt og avtale med utvalet når sjølve rapporten kan handsamast i kontrollutval og kommunestyre.

Til dette møtet er det og avtala ei synfaring ved omsorgsbustadane kl. 10:00

I møtet 01.10.2019 PS 31/19 vart følgjande protokollert:

Arne Gilbakken frå IHR orienterte utvalet.

- Prosjektrekneskapet vert ikkje ferdig i 2019, forvaltningsrevisjonsrapporten vert ikkje klar før dette føreligg og punkt to i instillinga vert stroke.
- Prosjektet er stort sett i rute. - Det er meldt om ein tilleggskostnad, byte golv på bad og vaskerom på sjukeheimen.
- Arkiv er framleis ei stor utfordring. Lov og forskrift seier at ein skal arkivera fortløpande. Det skjer ikkje i prosjekt ny sjukeheim. Dette vert ein stor jobb i etterkant.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil 90189542 - E-postadresse: [kjartan.haugsnnes@hfk.no](mailto:kjartan.haugsnnes@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

**Forslag til vedtak**

Informasjonen vert teken til orientering

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes  
spesialrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*



Eidfjord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 000  
Arkivnr: 2019/123-1  
Sakshandsamar: Kjartan Haugsnes

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Eidfjord kommune	39/19	12.12.2019

### Rutinar for kontrollarbeidet

Bakgrunn for saka:

Det er ein del praktiske rutinar som gjeld kontrollutvalet som det kan vera nyttig å få avklart, informert om og verta einige om i det første møtet i utvalet. Denne saka tek sikte på å få avklart og verta samde om slike rutinar.

Drøfting:

På bakgrunn av det som går fram over er det desse rutinane/punkta som må avklarast/informerast om:

1. Rutinar for innkalling til møte i kontrollutvalet.  
Innkalling til kontrollutvalet vert vanligvis sendt ut 7 dagar før møtet. Innkalling vert kun sendt elektronisk.
2. Abonnement på Kommunerevisoren og Kommunal rapport.  
Det har til no vore vanleg at dei faste medlemmene i kontrollutvalet kan abonnere på Kommunerevisoren, som Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) gjev ut. (Abb. pris kr. 425,- for omlag 6 blad pr. år.)  
Nokre kontrollutval abonnerer og på Kommunal rapport, evt. at utvalsleiar har eit abonnement. (Digital dagsavis + vekeavis ca 40 veker/år – kr. 3.490,- pr år / Digital dagsavis - kr. 3.390 pr. år).
3. Folkevaldopplæring for kontrollutvalet  
Folkevaldopplæring for kontrollutvala i Hordaland skal haldast på Solstrand Hotel & Bad 18. og 19. februar 2019.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil 90189542 - E-postadresse: [kjartan.haugsnnes@hfk.no](mailto:kjartan.haugsnnes@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

4. Aktuelle konferansar i 2020 med kontrollutval som målgruppe  
Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) skal halde sin årlege kontrollutvalskonferanse på Gardermoen 29.01-30.01.2020  
Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) skal halde sin årlege fagkonferanse på Gardermoen 03.06 – 04.06.2020

Det vert tilrådd at kontrollutvalet i kommunen vurderer deltaking på begge desse konferansane.

5. Kontrollutvalet og media  
Slik sekretariatet ser det vil det vera føremålstenleg at det er leiar i kontrollutvalet som uttaler seg til media på vegne av utvalet. Det vert tilrådd at det vert gjort vedtak om dette.
6. Møteplan  
Det vert sett opp første møte i 2020 i dette møtet. Møteplan for resten av 2020 vert sett opp i første møte i nytt år. Ein ber utvalet kome med innspel på vekedagar og tidspunkt som høver.

Konklusjon:

På bakgrunn av det som går fram over tilrår sekretariatet at det vert gjort slike vedtak.

#### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet sine medlemmer får abonnement på Kommunerevisoren
2. Kontrollutvalet vil prioritere at alle medlemmane deltek på folkevaldopplæring på Solstand 18. og 19. februar 2020
3. Kontrollutvalet vil prioritere at nokon frå utvalet deltek på ein eller begge fagkonferansane for kontrollutval i 2020
4. Kontrollutvalet er samde i at det er leiar i utvalet som kan uttale seg til media på vegne av utvalet.
5. Første møte i kontrollutvalet i Eidfjord kommune 2020 vert:
6. Kontrollutvalet tek elles informasjonen til orientering.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes  
spesialrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*



Eidfjord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 000  
Arkivnr: 2019/123-2  
Sakshandsamar: Kjartan Haugsnes

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Eidfjord kommune	40/19	12.12.2019

### Korleis melde avbod til møta i kontrollutvalet.

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet har 5 medlemmar. Når nokon må melde avbod til eit møte er det difor særst viktig at dette skjer så fort som råd er til rette vedkommande slik at vara kan kallast inn.

På bakgrunn av dette vert det i denne saka gjort greie for rutinar som skal gjelde i høve avbod til møta i kontrollutvalet.

Drøfting:

Sekretariatet vil minna alle i kontrollutvalet om at det er viktig å melde ifrå når ein er forhindra i å koma til møte. Det er og viktig at slike meldingar vert gjeve på rett måte.

I denne informasjonen vert der skissert nokre "køyrereglar" for korleis ein skal melde avbod.

1. Første regel er Å MELDA FRÅ. Gjer dette i så god tid som råd er før møtet. Det er vanskeleg for sekretariatet å få kontakt med vararepresentant ved kort varsel, og for vararepresentanten å møta på kort varsel.

2. Den som er vald som medlem av kommunalt organ har plikt til å møta om det ikkje ligg føre gyldig forfall.

Ny kommunelov § 8-1. *Rett og plikt til å delta i møte*

*Medlemmer av et kommunalt eller fylkeskommunalt folkevalgt organ plikter å delta i organets møter hvis de ikke har gyldig forfall.*

Dette betyr at forfall alltid skal grunngjevast.

3. Meld ikkje avbod til heradsadministrasjonen. Det er sekretariatet si oppgåve å kalla inn vara, og sjå til at kontrollutvalet er vedtaksføre når møtet startar.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil 90189542 - E-postadresse: [kjartan.haugsnnes@hfk.no](mailto:kjartan.haugsnnes@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.



4. Du skal ikkje gje melding til din vararepresentant, dette er sekretariatet si oppgåve.
5. Du bes fortrinnsvis om å melde frå om forfall ved å ringa til våre mobiltelefonar som er oppført på første sida av innkallinga. Du kan også sende e-post eller SMS med melding om forfall. Hugs alltid at forfall skal grunngjevast.

Konklusjon:

Medlemmene i kontrollutvalet er på bakgrunn av det som går fram over gjort kjent med rutinar som gjeld for å melde avbod til møta i utvalet

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar til etterretning dei rutinane som gjeld for å melde avbod til møta i utvalet.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes  
spesialrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*



Eidfjord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 000  
Arkivnr: 2019/123-3  
Sakshandsamar: Kjartan Haugsnes

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Eidfjord kommune	41/19	12.12.2019

### Teieplikt for kontrollutvalet

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet har mange saker til handsaming og har stor grad av rett til innsyn, jf. kommunelova § 23-2 som lyd slik:

*Kontrollutvalget kan kreve at kommunen eller fylkeskommunen legger fram enhver opplysning, redegjørelse eller dokument som utvalget finner nødvendig for å utføre sine oppgaver. Kontrollutvalget kan også foreta undersøkelser som det mener er nødvendige. Taushetsplikt er ikke til hinder for å gjennomføre kontrolltiltak etter dette leddet.*

På bakgrunn av dette vert det gjennom denne saka gjort greie for det regelverk som gjeld i høve teieplikt for folkevalde.

Drøfting:

For ordens skuld vert opplyst om at det er kontrollutvalet som politisk organ som kan be om informasjon som er unnateke offentleggjering. Kvar enkelt utvalsmedlem kan ikkje sjølv ta kontakt med kommuneadministrasjonen med krav om å få utlevert slik informasjon.

Teieplikt for folkevalde er regulert i forvaltningslova § 13 som lyd slik:

«§ 13. (taushetsplikt).

Enhver som utfører tjeneste eller arbeid for et forvaltningsorgan, plikter å hindre at andre får adgang eller kjennskap til det han i forbindelse med tjenesten eller arbeidet får vite om:

1) noens personlige forhold, eller

2) tekniske innretninger og fremgangsmåter samt drifts- eller forretningsforhold som det vil være av konkurransemessig betydning å hemmeligholde av hensyn til den som opplysningen angår.

Som personlige forhold regnes ikke fødested, fødselsdato og personnummer, statsborgerforhold, sivilstand, yrke, bopel og arbeidssted, med mindre slike opplysninger røper et klientforhold eller andre forhold som må anses som personlige. Kongen kan ellers gi nærmere forskrifter om hvilke opplysninger som skal regnes

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil 90189542 - E-postadresse: [kjartan.haugsnnes@hfk.no](mailto:kjartan.haugsnnes@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

som personlige, om hvilke organer som kan gi privatpersoner opplysninger som nevnt i punktumet foran og opplysninger om den enkeltes personlige status for øvrig, samt om vilkårene for å gi slike opplysninger. Taushetsplikten gjelder også etter at vedkommende har avsluttet tjenesten eller arbeidet. Han kan heller ikke utnytte opplysninger som nevnt i denne paragraf i egen virksomhet eller i tjeneste eller arbeid for andre.»

Heile lovparagrafen kan lesast her: [https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1967-0210/KAPITTEL\\_3#KAPITTEL\\_3](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1967-0210/KAPITTEL_3#KAPITTEL_3)

Konklusjon:

Medlemmene i kontrollutvalet er på bakgrunn av det som går fram over gjort kjent med regelverket for lovbestemt teieplikt.

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tek informasjonen om lovbestemt teieplikt som går fram av saka til etterretning, og vil følge dette i sitt arbeid i kontrollutvalet.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes  
spesialrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*



Eidfjord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 000  
Arkivnr: 2019/123-4  
Sakshandsamar: Kjartan Haugsnes

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Eidfjord kommune	42/19	12.12.2019

### Informasjon til Kontrollutvalet i starten av valperioden.

Bakgrunn for saka:

For at kontrollutvalet skal få så god start på valperioden som mogleg er det ein del informasjon som utvalet bør vera kjend med. Dette kan t.d. vera saker som det førre kontrollutvalet har starta opp, men som ikkje er ferdige, eller det kan vera gjeldande planar, budsjett ol.

Drøfting:

På bakgrunn av dette vert det gjeve ei kort orientering om desse dokumenta i dette møtet:

- Budsjettforslag for 2020 for kontrollarbeidet i Eidfjord kommune
- Årsmelding for kontrollutvalet for 2018
- Gjeldande plan for forvaltningsrevisjon
- Gjeldande plan for selskapskontroll

Konklusjon:

Sekretariatet tilrår at informasjonen vert teken til orientering.

### Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes  
spesialrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

- 1 Forslag tiol budsjett
- 2 Plan for forvaltningsrevisjon
- 3 Plan for selskapskontroll

## Budsjettforslag for kontrollutvalet i Eidfjord kommune for 2020

Konto	Tekst		Rekneskap 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Merknad
10800	Godtgjersle folkevalde		kr 20 913	kr 23 252	kr 26 440	5 medlemmer av utvalet
10803	Tapt arbeidsforteneste		kr 3 921	kr 6 000	kr 6 000	
10803	Feriepenger tapt arbeidsforteneste		kr -	kr 720	kr 720	
	Delsum		kr -	<b>kr 29 972</b>	<b>kr 33 160</b>	
10990	Arbeidsgiveravgift (AGA)		kr 2 651	kr 3 597	kr 3 979	
	Delsum		kr 27 669	<b>kr 33 569</b>	<b>kr 37 139</b>	
11000	Diverse		kr -	kr 2 000	kr 2 000	
11002	Abonement		kr 4 450	kr 9 100	kr 9 100	
11002	Abonement		kr -	kr -	kr -	
11151	Servering på møta		kr 1 193	kr 6 000	kr 6 000	
11207	Reiseutg.m.m. ikkje oppg. pl.		kr 1 375	kr -	kr -	
11500	Kurs/konferanse		kr 5 975	kr 10 000	kr 10 000	Kurs og konferanse, t.d FKT
11500	Folkevaldopplæring for kontrollutvalet		kr -	kr -	kr 20 000	
11600	Reise- og opphaldsutgifter oppg.pl.		kr 183	kr 2 500	kr 4 000	Reise ifm. konferanser
11601	Køyregodtgjersle.tilsette			kr 5 000	kr 5 000	
11951	Kontingentar		kr 3 500	kr 3 500	kr 3 500	Forum for Kontroll og Tilsyn
13300	Kjøp av sekretariatstenester		kr 120 000	kr 120 250	kr 123 500	I høve avtale.
12700	Kjøp av konsulenttenester		kr -	kr -		
13750	IHR MVA pliktig		kr -	kr 27 477	kr -	
13750	Ekstra tiltaksmidlar			kr 30 000	kr -	
	Delsum		kr -	<b>kr 215 827</b>	<b>kr 183 100</b>	
14290	Meirverdiavgift		kr 29 434	kr 52 157	kr 43 780	
17290	Moms-kompensasjon		kr -29 434	kr -52 157	kr -43 780	
13750	IHR ikkje momspiktig honorar		kr 494 175	kr 428 414	kr 630 000	Samla rev.honorar kr. 630 000*
13750	Pensjon tidlegare tilsette i IHR		kr -	kr 60 000	kr 60 000	Estimert tal
14500	Overført til andre kommunar					
	Total budsjetttramme		<b>kr 659 828</b>	<b>kr 737 810</b>	<b>kr 910 239</b>	

\* Ny avtale med revisor frå 2020, 530 000 kr i fastpris inkl. 200 t til forv.rev + 100 timar til ein årleg forvaltningsrevisjon



Indre Hordaland Revisjonsdistrikt

Forvaltningsrevisjon | Rekneskapskontroll | Intern kontroll | Rådgeving og oppdrag



Eidfjord kommune

# Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020

Oppdrag for kontrollutvalet

## **Forord**

Forvaltningsrevisjon er systematiske vurderingar av kommunens arbeid og resultat innanfor utvalde tema.

Frå kontrollutvalet i Eidfjord kommune har Indre Hordaland Revisjonsdistrikt fått i oppdrag å gjennomføra ein overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon.

Den overordna analysen ligg som vedlegg til planen.

Indre Hordaland Revisjonsdistrikt takker kontrollutvalet for oppdraget.

Arbeidet er utført av Arne Gilbakken og Gudrun Marie Helleve som er tilsette i IHR. Revisor sin uavhengigheit er vurdert.

Voss den 07.10.2016

Arne Gilbakken  
Forvaltningsrevisor



## Innhold

1. Innleiing.....	4
1.1 Plan for forvaltningsrevisjon .....	4
1.2 Risiko- og vesentleganalyse .....	4
2. Forvaltningsrevisjonsprosjekt 2016-2020 .....	5
3. Metode for gjennomføring av forvaltningsrevisjon.....	6
4. Gjennomføring og rapportering.....	6
5. Vedlegg .....	6

# 1. Innleiing

I fylgje kommunelova §77 skal kontrollutvalet sjå til at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen. <sup>1</sup> Det er revisor som utfører forvaltningsrevisjon på vegne av kontrollutvalet.

Forskrift om revisjon §7 om forvaltningsrevisjons innhald:

*Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger.*

*Herunder om*

- a) *forvaltningen bruker ressurser til å løse oppvaver som samsvarer med kommunestyrets vedtak og forutsetninger,*
- b) *forvaltningens ressursbruk og virkemidler er effektive i forhold til målene som er satt på området,*
- c) *regelverket etterleves,*
- d) *forvaltningens styringsverktøy og virkemidler er hensiktsmessige,*
- e) *beslutningsgrunnlaget fra administrasjonen til de politiske organer samsvarer med offentlige utredningskrav,*
- f) *resultatene i tjenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyrets eller fylkestingets forutsetninger og/eller om resultatene for virksomheten er nådd.*

Kva forvaltningsrevisjonsprosjekt kommunen ynskjer å gjennomføra skal koma fram i ein plan for forvaltningsrevisjon.

## 1.1 Plan for forvaltningsrevisjon

Plan for forvaltningsrevisjon er heimla i forskrift om kontrollutval. I forskrifta §10 står det:

«Kontrollutvalet skal minst èn gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret, som kan delegere til kontrollutvalet å foreta endringer i planperioden.

Planen skal baseres på ein overordet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut frå risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.»<sup>2</sup>

## 1.2 Risiko- og vesentleganalyse

Føremålet med den overordna risiko- og vesentleganalysen er å få fram relevant informasjon om verksemda til kommunen, slik at det er mogeleg for kontrollutvalet å prioritera mellom ulike område kor det kan vera aktuelt å gjera forvaltningsrevisjon og å utarbeida ein plan for forvaltningsrevisjon.

---

<sup>1</sup> Kommunelova §77, Kontrollutvalget

<sup>2</sup> Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner

Den overordna analysen skal avdekkje indikasjonar på avvik eller sårbare område i forvaltninga, sett i høve til regelverk og politiske mål og vedtak.

Data som ligg til grunn for den overordna analysen og for utveljing og prioritering av forvaltningsprosjekt er samla inn gjennom ulike aktivitetar som har involvert administrasjonen, politikarar og kontrollutvalet. Det har m.a. vorte utført:

- Dokumentanalyse
- Analyse av Kostra tal
- Prosessmøte
- Spørjeundersøking
- Samtalar med sentrale personar i administrasjonen
- I tillegg har me nytta revisjonen sin kunnskap om ibuande risiko og kjennskap til risikoområde i kommunen

Data som har vorte samla inn har gitt ei oversikt over risikoområde innanfor dei ulike sektorane i kommunen. Når det gjeld resultatane av undersøkinga viser vi til vedlagde overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020.

## 2. Forvaltningsrevisjonsprosjekt 2016-2020

I ku-møte 05.09.16 i sak 32/16 gjorde kontrollutvalet slike prioriteringar:

Prioritet	Område	Aktuelle tema i forvaltningsrevisjon
1	Teknisk	Større byggeprosjekt (ny sjukeheim)
2	Teknisk	Forsyning og tryggleik av vatn og avlaup
3	Teknisk	Redning og brannberedskap
4	Sentraladministrasjonen	IT tryggleik og kommunikasjon
5	Sentraladministrasjonen	Rutinar og retningslinjer for privat bruk av kommunen sine eigardelar
6	Helse og sosial	Samhandlingsreforma
7	Sentraladministrasjonen	Internkontroll

Resten av prosjekta er foreslått uprioriterte (viser til s. 32 i den overordna analysen).

Endeleg utforming av problemstillingar og timeomfang vil verta gjort i samband med den einskilde tinginga av forvaltningsrevisjonsprosjekt.

### 3. Metode for gjennomføring av forvaltningsrevisjon

Kva metodar som vert brukt for datainnsamling i dei ulike forvaltningsrevisjonsprosjekta er avhengig av endelege problemformuleringar i dei einskilde prosjekta. Vanlegvis vert det brukt ein kombinasjon av fleire metodar for å sikra tilstrekkeleg breidde i datamateriale for å kunne utføra ein heilskapleg analyse og vurdering.

Mogelege metodar for datainnsamling og analyse kan vera:

- Dataanalyse
- Dokumentanalyse
- Spørjeundersøking
- Intervju
- Testing av rutinar og kontrollar
- Benchmarking

### 4. Gjennomføring og rapportering

For å kunne gjennomføre eit vellykka forvaltningsrevisjonsprosjekt er det viktig at kontrollutvalet avgrensar og definerer prosjekta ved hjelp av å konkretisera føremål, kva problemstillingar som skal verta undersøkt og kva revisjonskriterium ein forventar at revisor skal leggja til grunn. Dette kan gjerast ved tinging av dei einskilde prosjekta.

I fylgje forskrift om revisjon §8 skal revisor fortløpande rapportere til kontrollutvalet om resultatata av ein gjennomført forvaltningsrevisjon. Vidare er kontrollutvalet pålagt å rapportere tilsvarande til kommunestyret. Med mindre kommunestyret vedtek spesielle bestemmingar for når og korleis denne rapporteringa skal føregå, er det opp til kontrollutvalet å finne form og frekvens på dette. I samsvar med tidlegare praksis vil kontrollutvalet vidareføre ein fortløpande rapportering til kommunestyret etter kvart gjennomført forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Kontrollutvalet skal etter gjennomført forvaltningsrevisjon sjå til at kommunestyret sitt vedtak i tilknytning til behandlinga av rapportar om forvaltningsrevisjon vert fylgt opp av administrasjonen<sup>3</sup>. Det skal også rapporterast om tidlegare saker som etter utvalet si mening ikkje er vorte fylgt opp på ein tilfredsstillande måte.

Rapportering til kommunestyret om oppfølging av forvaltningsrevisjon kan skje gjennom oversending av enkeltsaker til orientering.

### 5. Vedlegg

Overordna analyse til plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020.

---

<sup>3</sup> Forskrift om kontrollutvalg §12-Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporter



**Indre Hordaland Revisjonsdistrikt**

Forvaltningsrevisjon | Rekneskapskontroll | Intern kontroll | Rådgjeving og oppdrag



## **Eidfjord kommune**

# **Plan for selskapskontroll 2016-2020**

**November 2016**

## Innhold

1 Innleiing .....	3
1.1 Plan for selskapskontroll.....	3
1.2 Former for selskapskontroll.....	4
2. Risiko og vesentlegheitsanalyse .....	6
3. Oversikt over selskap.....	7
4. Kontrollutvalets prioritering selskapskontroll 2016 - 2020 .....	11
Vedlegg til planen: .....	12

# 1 Innleiing

## Generelt

Kommunane har i fleire å valt å bruka fristilte organisasjonsmodellar som selskap, stiftingar ol. for å løysa ulike oppgåver. Utviklinga synes å fortsette i retning av fristilte organisasjonsformar. Dette medfører at organiseringa av den kommunale verksemda blir meir kompleks og fragmentert, og inneber nye utfordringar både når det gjeld styring, kontroll og tilsyn.

På bakgrunn av denne utviklinga har kommuneloven (KL) gitt kontrollutvalet ansvar for « å sjå etter at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunens interesser i selskap mm»<sup>1</sup>.

Bestemminga må sjåast i samanheng med kontrollutvalets og revisors innsynsrett i selskap som er heileigde av kommunar<sup>2</sup>. Nærmare bestemmingar om korleis kontrollutvalet skal utøva sjå etter ansvaret er skildra i kontrollutvalsforskrifta<sup>3</sup>.

## 1.1 Plan for selskapskontroll

**Frå 2005** har kontrollutvalet vore pålagt å utarbeide en plan for selskapskontroll for å føre kontroll med kommunens eigarinteresser. Etter § 13 første ledd i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal det;

*”(..) minst en gang i valgperioden utarbeides plan for gjennomføring av selskapskontroll. Dette skal skje senest innen utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert”.*

**Fra 2013** har det kome nytt tillegg i § 13, andre ledd som lyder;

*«Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens eierskap ut frå risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for selskapskontroll på de ulike sektorer og med de ulike selskapene.»*

Vidare i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 14 skal kontrollutvalet;

*”(...) påse at det gjennomføres kontroll med forvaltningen av eierinteressene i de selskaper som er omfattet av slik kontroll, herunder å kontrollere om den som utøver*

---

<sup>1</sup> Kommunelovens (KL) § 77 nr 5

<sup>2</sup> Innsynsretten er regulert i § 80, og omfattar Interkommunale selskap (IKS) og aksjeselskap som er heilt ut eig av kommunar og fylkeskommunar. Det er for tida eit lovforslag under behandling der Interkommunale samarbeid etter KL § 27 og som er eigne rettssubjekt skal takast med i § 80. I selskap som er deleigd av kommunar og fylkeskommunar (dvs med private eller statlege interesser) kan innsynsrett avtalast.

<sup>3</sup> Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.04 har eit eige kapittel 6 som omhandlar selskapskontroll.

*kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper gjør dette i samsvar med kommunestyrets/fylkestingets vedtak og forutsetninger (eierskapskontroll). Selskapskontrollen kan også omfatte forvaltningsrevisjon, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner kap. 3.”*

## **1.2 Former for selskapskontroll**

Selskapskontrollen er knytt til å kontrollere at den som utøver kommunens eigarinteresser, utøver denne myndighet på det vis som er fastsatt i det aktuelle lovverket, først og fremst aksjeloven, lov om interkommunale selskap og for samarbeid etter kommunelovens § 27.

I kontrollen inngår også ei vurdering av om den som utøver eigarinteressene, gjør dette i samsvar med kommunens vedtak og føresetnader for forvaltninga av kommunens eigarinteresser. I siste instans er det kommunestyret som har det overordna ansvaret for at kommunen har ein forsvarleg selskapsforvaltning.

Som det går fram av forskriftas § 14 kan selskapskontroll romme ulike former av kontroller, høvesvis eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon av selskap. Det kan også gjennomførast selskapskontroll som kombinerer element frå de to nemnte formene.

Eigarskapskontroll er den obligatoriske delen av selskapskontroll og involverer å kontrollere korleis kommunen forvaltar sine eigarskap. Ved gjennomføring av forvaltningsrevisjon av desse selskapa kan ein blant anna vurdere selskapets økonomi, ressursbruk, regeletterleving og måloppnåing ut frå kommunale vedtak og føringar.

Overgangen mellom disse to formene for selskapskontroll kan være glidande.






Fig. 1: Eigarskapskontroll/forvaltningsrevisjon

Som det går fram i figur 1 og tabellen under, kan selskapskontroll deles inn i ein obligatorisk del og ein frivillig del:

Selskapskontroll	
<p><b>Obligatorisk eigarskapskontroll -</b></p> <p>Kontroll med forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser i selskapet.</p>	<p><b>Valfri forvaltningsrevisjon –</b></p> <p>Systematisk vurdering av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknad ut frå kommunestyrets vedtak og føresetnader.</p>

Tabell 1

**Obligatorisk eigarskapskontroll** kan bestå av følgjande deler:

- Kontroll med at verksemda drives innanfor rammene av kommunen sine vedtak og føresetnader, og i samsvar med lover og regler.
- Vurdering av den enkelte verksemd sett frå et eigarperspektiv, medrekna eventuelle krav til eigenkapital og avkastning, overordna regnskapsanalyse og gjennomgang av budsjett.
- Andre forhold som vedkjem eigar som rapportering, opplæring, administrativ oppfølging osv.

Dersom kommunen har oppnemnt medlemmer til styret i selskapet, kan det også være aktuelt å vurdere kva slags rolle desse har for å sikre at selskapet drives innanfor kommunestyrets føresetnader og engasjement i selskapet.

**Forvaltningsrevisjon** er valfri og soleis ikkje ein obligatorisk del av selskapskontrollen. I dei tilfelle der det er nødvendig å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon, er føremålet å gje kommunestyret relevant informasjon om selskapet.

## 2. Risiko og vesentlegheitsanalyse

Risiko- og vesentlegheitsvurdering er ein prosess som skal initierast av kontrollutvalet og brukast som ein reiskap for å velja ut relevante selskap og område for selskapskontroll.

I forhold til risiko er det spesielt desse forholda som må vurderast:

- Risiko for at selskapet ikkje driv i tråd med kommunestyrets/heradets vedtak og føresetnader,
- Risiko for at selskapet ikkje driv i tråd med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte,
- Risiko for at den som forvaltar heradet sine eigarinteresser i selskapet ikkje gjer dette i samsvar med kommunen/heradet sine vedtak og føresetnader.

I tillegg til ein konkret risikovurdering vil det også vera viktig å vurdere selskapa ut frå kor vesentleg dei er for kommunen. To overordna perspektiv kan leggjast til grunn for ei slik vurdering:

- Fokus på brukarperspektivet
- Fokus på økonomiske interesser for kommunen

Datainnsamlinga som ligg til grunn for risiko- og vesentlegheitsanalysen, og for utveljing og prioritering av prosjekt, er samla inn gjennom fleire aktivitetar som har involvert både politisk leiing, administrativt tilsette og kontrollutvalet. Mellom anna har følgjande aktivitetar blitt gjennomført:

- Dokumentgjennomgang
- Prosessmøte for politiske gruppeleiarar, rådmannens leiargruppe og kontrollutvalet

- Prosessmøte kontrollutvalet for å prioritere

Data som har blitt samla inn gjennom desse aktivitetane har gitt ei god oversikt over risiko-områda knytt til forvaltning av eigarskap. Analysen er samla i eit arbeidsdokument/analysegrunnlag som ligg til grunn for utveljing og prioritering av selskapskontrollprosjekt.

### 3. Oversikt over selskap

Oversikten over selskap som er presentert under er i hovudsak basert på opplysningar frå kommunens årsrekneskap 2015 og supplert med informasjon frå Bisnode bedriftsinfo, det einskilde selskaps nettsider og informasjon som er kome fram i undersøkinga gjennom prosessmøte og oppfølgingsspørsmål der det var nødvendig.

Selskapa vert presentert i to tabellar. Den første tabellen inneheld selskap som fell inn under § 80 i kommunelova (interkommunale selskap, interkommunalt samarbeid og aksjeselskap som er heileigd eller eigd saman med andre kommunar og/eller fylkeskommunar). Desse selskapa har Eidfjord kommune full innsynsrett i og kan gjennomføre selskapskontrollar av.

Den andre tabellen inneheld oversikt over selskap som kommunen har eigarskap i, men som ikkje fell inn under § 80 i kommunelova. Det inneber at det er innslag av private eigarar eller liknande. Desse selskapa har kommunen ikkje meir innsynsrett enn dei andre aksjonærane. Kommunen kan likevel gjennomføra avgrensa selskapskontrollar med omsyn til i kva grad selskapet opptre i tråd med eigarane sin intensjon, om val og at opplæring av styrerepresentantar skjer etter kommunen sine reglar og rutinar, om rapporteringa frå selskapa samsvarar med retningsliner etc.

#### 3.1 selskap innanfor § 80

Selskap	Føremål	Eigardel i % eller tal aksjar
Hardanger Energi AS	Eiga, byggja og driva energiforsyning i heile konsesjonsområdet- herunder overføring, produksjon og omsetning av elektrisk kraft. Selskapet skal vera ei konkurransedyktig og lønsam verksemd med drift etter forretningsmessige prinsipp. Vidare kan selskapet driva eller eiga anna verksemd, eller andre verksemdar med naturleg tilknytning til føremålet, delta i eller samarbeida med andre verksemdar som har liknande føremål eller naturleg tilknytning til føremålet. Selskapet skal arbeide for: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Å oppretthalde ein rimeleg og sikker energiforsyning i heile konsesjonsområdet</li> <li>• Vera ein leiande totalleverandør av energi og energitjenester innafør konsesjonsområdet.</li> </ul>	24,2 %

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vera ein serviceinnstilt og miljøbevisst energileverandør.</li> </ul>	
Hardangervidda Natursenter AS	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Etablere, forvalte, eige og drive natursenteret</li> <li>2. Motivere til natur- og kulturvern gjennom holdningsskapande folkeopplysning.</li> <li>3. Fokuserer på natur og naturbruk i Eidfjord og på Hardangervidda.</li> <li>4. Bidra til undersøking, registrering, kartlegging forskning og forvaltning innafor det geografiske og tematiske virkeområde for prosjektet.</li> </ol> Hardangervidda Natursenter AS eig Hardangervidda Museum AS.	100 %
Destinasjon Eidfjord AS	Turistkontor - drift og vertskapsrolle. Cruise kai - drift, operasjon, mottak. Produktutvikling - de som pådrivar, verktøy og kompetanse-/koordineringssenter. Destinasjonsutvikling - de som pådrivar, verktøy og kompetanse-/koordineringssenter. Marknadsføring av reisemålet Eidfjord - eksternt og internt.	100 %
Sysendalen Skisenter AS	Eie, bygge og drive alpinanlegg og andre tiltak i nær samanheng med dette til fordel for idrett og friluftsliv i Sysendalen.	100 %
Hardangerbrua AS	Å stå for bompengefinansiering/oppkrevjing til finansiering av Hardangerbrua og tilførselsveggar i samsvar med vedtak i Stortinget og avtale med Statens vegvesen.	6 2/3 %
Hardangervidda tunnelene AS	Etablere sikker helårsvei over Hardangervidda gjennom bygging av tunneler.	40 %
Hardangerrådet IKS	Hovudoppgåva er å styrka regionen gjennom større grad av forpliktande samarbeid	10 %
Indre Hordaland Miljøverk IKS	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Innsamling og transport av avfall.</li> <li>2. Bygging og drift av behandlingsanlegg for restavfall</li> <li>3. Bygging og drift av innsamlingsystem, mottak og anlegg for gjenvinning i samsvar med dei til eikvar tid gjeldande nasjonale og strategiske mål i avfallspolitikken.</li> </ol>	4,8 %

	4. Å vere ein seriøs aktør med tillit i marknaden. Forvaltningsoppgåvene skal ivaretakast på ein slik måte at kommunane får sine oppgåver løyste i samsvar med lovverket, og slik at brukarane opplever tilbodet som meningsfylt. Selskapet vil arbeide for avfallsreduksjon og effektiv forvaltning. I eit breiare perspektiv vil selskapet samarbeid med aktuelle aktørar for å vidareutvikle dei naturlege ressursane i regionen. Selskapet skal delta i eller eiga selskap med beslekta føremål.	
Indre Hordaland Revisjonsdistrikt	Revisjonstenester for samarbeidskommunane	
Interkommunalt arkiv Hordaland IKS	Selskapet sitt føremål er å arbeide for at verdifullt arkivmateriale i deltakarkommunane vert tatt vare på og sikra som informasjonskjelder for samtid og ettertid, og gjort tilgjengeleg for offentleg verksemd, forskning og andre kulturelle formål, jfr. Lov om arkiv § 6.	1,97 %
Driftsassistansen i Hordaland VA IKS	Selskapets formål er å være et kompetansesenter for vann- og avløpstjenester. Selskapet skal utføre og formidle tjenester og produkter, slik som driftsassistanse eller driftsansvar, kvalitetssikring, analysevirksomhet, opplæring, erfaringsutveksling og informasjonssikkerhet.	0,2 %

### 3.2 selskap utanfor § 80

Selskap	Føremål	Eigardel i % eller tal aksjar
Cruise Norway AS	Markedsføre Norge som Cruiseområde og kva dermed står i forbindelse, som grunnlag for den enkeltes aksjonærs eller samarbeidspartners markedsføring av sitt produkt. Selskapet skal dessuten ha som formål å sikre et geografisk spredt eierskap hvor aksjeeierne er aktive deltakere i sitt distrikt til fremme av selskapets hovedformål.	5,17 %
Reisemål Destination Hardanger Fjord AS	Som konsulent på tilskots- og konsulentbasis å samordna alle marknadsføring i Hardangerregionen og tiltak som kan vere med å styrke reiselivsnæringa i regionen. Målet til selskapet er vidare på vanlege vilkår å utføre oppdrag gor verksemdar og andre når det gjeld	6,89 %

	marknadsføring og reklameretta verksemd, produktutvikling m.v., samt å delta i forretningsretta relatert til reiseliv	
Rehabiliteringssenteret AIR AS – Tidlegare: (Attføringsssenteret i Rauland)	Drift av eit rehabiliteringssenter i spesialhelsetenesta der auka arbeidsdeltaking er det overordna målet. AiR - Klinikk si kjerneverksemd er å bidra til at personar som er utanfor, eller i fare for å falle ut av arbeidslivet på grunn av helseproblem, får betre funksjon og auka bevisstgjerjing av deira ressursar og mogleghetar, på ein måte som styrkjer arbeidsevna. AiR klinikk har fokus både på individet og omgjevnadane for å oppnå auka arbeidsdeltaking. AiR - Nasjonalt kompetansesenter for arbeidsretta rehabilitering si kjerneverksemd er å bidra til forskning, fagutvikling, formidling, nettverk og innovasjon innan faget arbeidsretta rehabilitering Økonomiske nøkkeltal frå Ravn bedriftsinfo viser at selskapet har svak likviditet og låg gjeldsgrad. Eidfjord kommune har eit politisk/samfunnmessig mål med selskapet	1 aksje Verdi: kr 1000 Aksjekapital Selskap Kr 981 000
Kommunekraft AS	Formidle aksjeeigarane sin disponible kraft, herunder konsesjonskraft, og drive anna verksemd knytt til slik formidling.	1 aksje Verdi: kr 1000 Aksjekapital Kr 320 000
Tide ASA	Å drive transport- og reiselivsvirksomhet, og annen tilknyttet virksomhet.	396 aksjar: Kr 81 378 Aksjekapital 20 303 600
Dag og Tid AS	Å gje ut ei partipolitisk ubunden avis på nynorsk. Selskapet skal kunne drive handel og eige eller på annan måte ta del i andre forretningstiltak.	2 aksjar Verdi: kr 50 Aksjekapital selskap Kr586 400
Biblioteksentralen SA	Vere eit serviceorgan for alle typar offentlege bibliotek. Biblioteksentralen har til oppgåve å vere hovudleverandør av produkt og tenester til bibliotek og liknande institusjonar. I tillegg kan Biblioteksentralen delta i/etablere verksemd med det formål å betena det totale bok-, informasjon- og kunnskapsmarknaden. Biblioteksentralen skal drivast etter vanlege bedriftsøkonomiske prinsipp, slik at det vert skapt økonomisk trykkleik og utviklingsmoglegheit og slik at andelseigarane sine interesser vert ivareteken på beste måte.	1 aksje/andel Bokført verdi kr 300,-
E 134 Haukelivegen AS	Arbeide for utbygging og standardheving av E 134 Haukelivegen og RV23. I tillegg kan selskapet arbeide for å fremje interessene til viktige sidegreiner til denne transportkorridoren, etter fylkesvise prioriteringar, når dette styrker arbeidet for korridoren. Selskapet kan ta initiativ til å opprette finansieringsselskap og	1 aksje Bokført til Kr 500,- Aksjekapital selskap Kr 460 000

	utbyggingselskap. Selskapet har høve til å delta i og/eller arbeide saman med andre selskap med tilsvarande føremål. Selskapet står elles fritt til å setje i verk tiltak og bruke dei verkemiddel som er tilgjengeleg og aktuelle for å fremje formålet til selskapet.	
KLP	Kommunal Landspensjonskasse skal ivareta medlemmene sine behov for tenestepensjonsordningar.	Uvesentleg

#### 4. Kontrollutvalets prioritering selskapskontroll 2016 - 2020

Kontrollutvalet har vurdert og prioritert dei ulike selskapa, og avgjort rekkefølga for selskapskontroll i planen som blir lagt fram for kommunestyret.

Kontrollutvalet vil elles, ut frå ei risiko- og vesentlegheitsvurdering, velja ut selskap som dei ønskjer å kontrollere undervegs i perioden.

Omfanget av kontrollen i det enkelte selskap vil variere avhengig av storleik og kompleksitet og eventuelt samarbeid med andre medeigarar kommunar/fylkeskommunar.

Eventuell forvaltningsrevisjon i selskap blir vurdert av kontrollutvalet etter at obligatorisk eigarskapskontroll er utført og/eller der analyser eller andre indikasjonar syner at det kan vera aktuelt.

	Selskap/område	Identifiserte risikoområder	Selskapskontroll
<b>1</b>	Eidfjord kommune si eigarskapsforvaltning	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Opplæringsbehov</li> <li>• System for rapportering og oppfølging</li> <li>• Samansetning av styrer m.m.</li> </ul>	Eigarskapskontroll/forvaltningsrevisjon innanfor § 80
<b>2</b>	Hardangevidda Natursenter AS	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vesentleg økonomisk verdi</li> <li>• Omdøme</li> <li>• Likviditet/soliditet</li> </ul>	Eigarskapskontroll/forvaltningsrevisjon (utanfor § 80) Bruke opne kjelder Be om informasjon
<b>3</b>	Destinasjon Eidfjord AS	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vesentleg økonomisk verdi</li> <li>• Kompetanse styremedlemmer</li> <li>• Omdømme</li> </ul>	Eigarskapskontroll/forvaltningsrevisjon innanfor § 80

4	Hardanger Energi AS	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vesentleg økonomisk verdi</li> <li>• Kompetanse styremedlemmer</li> <li>• Samfunnsansvar</li> <li>• Omdøme</li> <li>• Felles eigarstrategi/fungerer denne som tenkt</li> </ul>	Eigarskapskontroll/forvaltningsrevisjon innanfor § 80
5	Indre Hordaland Miljøverk IKS	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vesentleg økonomisk verdi</li> <li>• Leverer lovpålagde tenester for kommunen</li> <li>• Risiko knytt til sjølvkost, kryssubsidiering og internprising</li> <li>• Risiko knytt til anskaffingar og offentlegheit</li> </ul>	Eigarskapskontroll/forvaltningsrevisjon innanfor § 80 Kan vurdere samarbeid med andre eigarar

### Vedlegg til planen:

Overordna analyse selskapskontroll Eidfjord kommune





Eidfjord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 000  
Arkivnr: 2019/123-5  
Sakshandsamar: Kjartan Haugsnes

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Eidfjord kommune	43/19	12.12.2019

### Tilrådingar etter evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i valperioden 2015 - 2019.

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak 31/19 i møte 01.10.2019

«Resultatet av endeleg evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Eidfjord kommune i valperioden 2015 – 2019 vert å leggje fram for kontrollutvalet i valperioden 2019 – 2023.»

Resultatet av evalueringa ligg ved.

Drøfting:

Av evalueringa går det fram at det førre kontrollutvalet kom med denne tilrådinga til utvalet i perioden 2019 – 2023:

#### **I kva grad er KUV synleg nok på kommunen si heimeside?**

*Kontrollutvalet må verte meir synleg på heimesida. Del av kommunen sin møteplan.*

Konklusjon:

Sekretariatet føreslår at kontrollutvalet sluttar seg til tilrådinga frå utvalet i førre periode. Vidare vert det tilrådd å be sekretariatet om å arbeide vidare med dette.

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet sluttar seg til tilrådingane frå utvalet i førre periode.
2. Kontrollutvalet ber sekretariatet om å arbeide vidare med tilrådingane.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes  
spesialrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

#### Vedlegg

- 1 Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i valperioden 2015 - 2019.

## Skjema for evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Eidfjord kommune, valperioden 2015 – 2019.

Kontrollutvalet (heretter kalla KUV), ordførar, rådmann, revisor og sekretariatet vil gjennomføre evaluering av arbeidet i KUV i valperioden 2015 – 2019. Evalueringa inneheld desse spørsmåla:

Nr.	Spørsmål	Svar
1	I kva grad blir møta gjennomførte på ein effektiv og engasjerande måte? Kva kan gjerast betre?	God tone i dei fleste saker.
2	Er talet på møte tilstrekkeleg i høve til saksmengda?	Ja
3	Klarar KUV å fylle kontrollfunksjonen på ein god måte? Kva kan gjerast betre?	Må ha fokus på saker som kan gje forbetring.
4	I kva grad har KUV hatt økonomiske rammer til å gjennomføre oppgåvene på ein god måte?	I denne perioden, ja.
5	Korleis blir KUV oppfatta av andre sentrale aktørar, slik som kommunestyret og administrasjonen?	Ordførar: Tilrådd at kontrollutvalet vert med på felles folkevaldopplæring. Rådmann: KUV vert oppfatta som nyttig frå administrasjonen si side.
6	Har kommunestyret og administrasjonen forståing av kva rolle og ansvar KUV har? Korleis kan KUV bidra til ei god forståing?	Ja
7	Er det klare roller og klår ansvarsdeling mellom KUV, kommunestyret og administrasjonen?	Ja
8	I kva grad er KUV synleg nok på kommunen si heimeside?	Kontrollutvalet må verte meir synleg på heimesida. Del av kommunen sin møteplan.
9	Bør KUV gjere meir og/ eller mindre av noko?	Er kontrollutvalet synleg nok for innbyggjarane? Få henvendingar?
10	Korleis fungerer samhandlinga med revisor? Kva kan gjerast betre?	Fungerer bra.
11	Korleis fungerer arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll?	Bra.
12	Korleis fungerer samhandlinga med sekretariatet? Kva kan gjerast betre?	Fungerer bra
13	Kontrollutvalet og henvendingar: - Frå innbyggjarar - Tilsette - Andre folkevalde	Få henvendingar i perioden
14	Kva bør folkevaldopplæringa for det nye KUV innehalde og kor omfattande bør det vera? - Tilstrekkeleg ressursar til opplæring.	Forslag til budsjett 2020 frå kontrollutvalet har avsett midlar til å delta på folkevaldopplæring
15	Folkevaldopplæringa for kommunestyret: - Bør KUV få delta her? - Bør roller og ansvar for KUV presenterast her?	Ordførar: Ja – sjå punkt 5  Kontrollutvalet bør presenterast særskilt.
16	Anna	Ikkje noko meldt.





Eidfjord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 217  
Arkivnr: 2019/121-1  
Sakshandsamar: Kjartan Haugsnes

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Eidfjord kommune	44/19	12.12.2019

## Plan for eigarskapskontroll 2020 - 2024, godkjenning av prosjektplan

### Bakgrunn

I tråd med forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal kontrollutvalet utarbeide plan for eigarskapskontroll det første året i valgperioden. Det betyr at kontrollutvalet innan utgangen av 2020 må sørge for:

- å utarbeida ein plan for gjennomføring av eigarskapskontroll i perioden 2020 – 2024
- å gjennomføre risiko- og vesentlighetsvurderingar i heradet som planen skal baserast på
- at planen vert vedteken av heradsstyret, som kan delegera til kontrollutvalet å føreta endringar i planperioden
- Fram til ny plan er vedteken vil plan for selskapskontroll 2016 – 2020 gjelde

På møte i kontrollutvalet 01.10.2019 PS 33/19 vart det gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet ber IHR innan 20.11.2019, laga eit forslag til prosjektplan, som bl.a. inneheld korleis analyse- og planarbeidet skal gjennomførast, ressursbruk og forventta levering. Prosjektplanen skal omfatta:*
  - a. *Korleis risiko- og vesentlegvurdering av Eidfjord kommune sin eigarskap i selskap skal gjennomførast.*
  - b. *Forslag til korleis arbeidet med plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024 skal gjennomførast.*
2. *Forslag til prosjektplan skal leggst fram for godkjenning i kontrollutvalet i første møte i nytt utval.*
3. *Kontrollutvalet ber om at prosessen blir lagt opp slik at forslag til plan for eigarskapskontroll kan leggst fram for kommunestyret i juni 2020.*

Forslag til prosjektplan er motteke frå IHR 20.11.2019, og ligg som vedlegg til denne saka. IHR har og kome med forslag til ein framdriftsplan og timebudsjett som vedlegg til prosjektplan.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil 90189542 - E-postadresse: [kjartan.haugsnnes@hfk.no](mailto:kjartan.haugsnnes@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

## Drøfting

Det vert lagt opp til at prosjektplanen vert gjennomgått og drøfta i møtet. Vidare må kontrollutvalet uttala seg til korleis prosessen med å utarbeida plan for eigarskapskontroll skal gjennomførast. Merk at prosjektplanen som er lagt fram er tilbod frå IHR om utarbeiding av analysar og planar for både forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Ved å samkjøra arbeidet med desse to planane kan ein spare tid og ressursar ved å ha felles intervjurundar, prosessmøte og liknande.

I prosjektplanen vert det skildra kva utarbeiding av plan for eigarskapskontroll vil omfatta. Prosessen med gjennomføring, kva metodar revisor vil bruke og korleis ein kan få til ei brei deltaking og involvering vert og skildra. Det vert og gjort greie for føremål og krav til korleis risiko og vesentlegvurderingar skal utarbeidast. Basert på risiko og vesentlegvurderingar legg IHR opp til å utarbeida eit utkast til plan for eigarskapskontroll.

I prosjektplanen vert framdriftsplan skissert:

Med utgangspunkt i prosjektet sin karakter og planen som er lagt for korleis prosjektet skal bli gjennomført vil det ta totalt 160 timar å gjennomføre begge prosjekta. Det vert synt til drøfting av timeramme i sak til same møte gjeldande plan for forvaltningsrevisjon.

Prosjekta vil gjennomførast våren 2020, slik at forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll kan leggast fram for kommunestyret i oktober 2020.

Med bakgrunn i forslag til prosjektplan som ligg føre må kontrollutvalet drøfta omfang og gjennomføring av prosessen med risiko og vesentlegvurderingar og plan for eigarskapskontroll.

## Konklusjon

Sekretariatet rår til at kontrollutvalet sluttar seg til forslag til korleis prosess med utarbeiding av risiko og vesentlegvurderingar og plan for eigarskapskontroll/forvaltningsrevisjon skal gjennomførast. Sekretariatet rår til at tidsressursen vert sett til 140 timar. Kontrollutvalet må og drøfte

## Forslag til vedtak

1. Prosjektplan for risiko og vesentlegvurderingar og plan for eigarskapskontroll vert godkjent slik den ligg føre / evt. med endringar gjort i møte, herunder at timeressursen vert sett til 140 timar for arbeid relatert til dei to planane som går fram av prosjektplanen.
2. Kontrollutvalet sluttar seg til framdriftsplan for arbeid med risiko og vesentlegvurderingar og plan for eigarskapskontroll.
3. Kontrollutvalet ber om at prosessmøte nr. 1 vert gjennomført på neste møte.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes  
spesialrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*



Eidfjord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 217  
Arkivnr: 2019/122-1  
Sakshandsamar: Kjartan Haugsnes

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Eidfjord kommune	45/19	12.12.2019

## Plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024, godkjenning av prosjektplan

### Bakgrunn

I tråd med forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal kontrollutvalet utarbeide plan for forvaltningsrevisjon det første året i valgperioden. Det betyr at kontrollutvalet innan utgangen av 2020 må sørge for:

- å utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon i perioden 2020 – 2024
- å gjennomføre risiko- og vesentlighetsvurderingar i heradet som planen skal baserast på
- at planen vert vedteken av heradsstyret, som kan delegera til kontrollutvalet å føreta endringar i planperioden
- Fram til ny plan er vedteken vil plan for forvaltningsrevisjon 2016 – 2020 gjelde

På møte i kontrollutvalet 01.10.2019 PS 32/19 vart det gjort slikt vedtak:

*1. Kontrollutvalet ber IHR innan 20.11.2019, laga eit forslag til prosjektplan, som bl.a. inneheld korleis analyse- og planarbeidet skal gjennomførast, ressursbruk og forventta levering. Prosjektplanen skal omfatta:*

- a. Korleis risiko- og vesentlegvurdering av Eidfjord kommune si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap skal gjennomførast.*
- b. Forslag til korleis arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024 skal gjennomførast.*

*2. Forslag til prosjektplan skal leggjast fram for godkjenning i kontrollutvalet i første møte i nytt utval.*

*3. Kontrollutvalet ber om at prosessen blir lagt opp slik at forslag til plan for forvaltningsrevisjon kan leggjast fram for kommunestyret i juni 2020.*

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil 90189542 - E-postadresse: [kjartan.haugsnnes@hfk.no](mailto:kjartan.haugsnnes@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.



Forslag til prosjektplan er motteke frå IHR 20.11.2019, og ligg som vedlegg til denne saka. IHR har og lagt fram forslag til framdriftsplan og timebudsjett som vedlegg til prosjektplan.

### Drøfting

Det vert lagt opp til at prosjektplanen vert gjennomgått og drøfta i møtet. Vidare må kontrollutvalet uttala seg til korleis prosessen med å utarbeida plan for forvaltningsrevisjon skal gjennomførast. Merk; at prosjektplanen som er lagt fram er tilbod frå IHR om utarbeiding av analysar og planar for både forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Ved å samkjøra arbeidet med desse to planane kan ein spare tid og ressursar ved å ha felles intervjurundar, prosessmøte og liknande.

I prosjektplanen vert det skildra kva utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon vil omfatta. Prosessen med gjennomføring, kva metodar revisor vil bruke og korleis ein kan få til ei brei deltaking og involvering vert og skildra. Det vert og gjort greie for føremål og krav til korleis overordna analyse skal utarbeidast. Basert på den overordna analysen legg IHR opp til å utarbeida eit utkast til plan for forvaltningsrevisjon.

I prosjektplanen vert framdriftsplan skissert.

Med utgangspunkt i prosjektet sin karakter og planen som er lagt for korleis prosjektet skal bli gjennomført har IHR tilbydd at det totalt vert nytta 160 timar på å gjennomføre begge prosjekta.

I kommunane som sekretariatet er sekretær for, vart det jamnt over nytta 140 timar på tilsvarende arbeid i 2015/2016. Det er dette talet sekretariatet også har formidla til dei tre revisjonsselskapa me forholdt oss til, når det har vore tema. På den bakgrunn meiner sekretariatet at IHR bør utfordrast på å gjera dette arbeidet innafør ei timeramme på 140 timar.

Frå sekretariatet si side ønskjer vi at prosjekta vert gjennomført våren 2020, slik at forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll kan leggjast fram for kommunestyret i juni 2020. I føreslått framdriftsplan frå revisor vert det føreslått at planane ikkje vert handsama før oktober 2020. Kontrollutvalet må drøfte dette i møtet.

Med bakgrunn i forslag til prosjektplan som ligg føre må kontrollutvalet drøfta omfang og gjennomføring av prosessen med risiko og vesentlegvurderingar og plan for forvaltningsrevisjon.

### Konklusjon

Sekretariatet rår til at kontrollutvalet sluttar seg til forslag til korleis prosess med utarbeiding av risiko og vesentlegvurderingar og plan for forvaltningsrevisjon skal gjennomførast. Sekretariatet rår til at ramme som er sett for arbeidet vert sett til 140 timar.

### **Forslag til vedtak**

1. Prosjektplan for risiko og vesentlegvurderingar og plan for forvaltningsrevisjon vert godkjent slik den ligg føre / evt. med endringar gjort i møte, herunder at timeressursen vert sett til 140 timar.
2. Kontrollutvalet sluttar seg til framdriftsplan frå revisor/frå sekretariatet for arbeid med risiko og vesentlegvurderingar og plan for forvaltningsrevisjon.
3. Kontrollutvalet ber om at prosessmøte nr. 1 vert gjennomført på neste møte.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes  
spesialrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

1 Plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024, prosjektplan



# Indre Hordaland Revisjonsdistrikt

Forvaltningsrevisjon | Rekneskapskontroll | Intern kontroll | Rådgjeving og oppdrag



## **Prosjektplan** Risiko- og vesentlegvurderingar - forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2020 - 2024

### **Eidfjord kommune**

Oppdrag for kontrollutvalet

20.11. 2019

## 1. Bakgrunn

Kontrollutvalet vedtok i møte den 1. oktober 2019, sak 32/19 og 33/19, at Indre Hordaland revisjonsdistrikt (IHR) skal utarbeide risiko- og vesentlegvurdering samt plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for Eidfjord kommune.

Formålet med risiko og vesentleg vurdering er å gje kontrollutvalet og kommunestyret eit overordna verktøy til å velje område innan kommunen si verksemd som det er ynskjeleg å ha særskild fokus på mellom anna på grunn av risiko og konsekvensar.

I fylgje ny kommunelov §23-3 skal kontrollutvalet minst ein gong i valperioden utarbeida plan for forvaltningsrevisjon, seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert. Etter ny kommunelov skal risiko og vesentlegvurderingar også inkludera forvaltningsrevisjonar knytt til verksemdar som kommunen har eigarskap i.

I kommunelova §23-4 er det fastsett krav til risiko- og vesentlegvurderingar som grunnlag for plan for eigarskapskontroll. Eigarskapskontrollen fokuserer mellom anna på etterleving av selskapsavtalar, vedtekter, politiske vedtak og relevante lovverk knytt til verksemda sine oppgåver.

Kommunestyret skal vedta planar med prioritert område for forvaltningsrevisjon og kva verksemdar som det er aktuelt å ha eigarskapskontrollar i. Desse planane skal vera styrande for kontrollutvalet sine prioriteringar innan forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i valperioden.

Arbeidet med risiko- og vesentlegvurderingane skal vera ferdigstilt til handsaming i kontrollutvalet slik at kommunestyret er i stand til å handsama planen for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll innan utgangen av 2020. Dette oppdraget er ei ekstra tinging som kjem utanom gjeldande revisjonsavtale mellom IHR og Eidfjord kommune. IHR vil fakturera Eidfjord kommune etter medgått tid.

## 2. Formålet med oppdraget

Formålet med oppdraget er å utarbeide eit forslag til ein plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2020-2024 i Eidfjord kommune. Grunnlaget for planane er å gjennomføra ein risiko- og vesentlegvurdering av mellom anna drift, tenesteproduksjon og andre aktivitetar i kommunen som har tyding for dei tilsette og innbyggjarane.

## 3. Generell risiko

Vår risiko- og vesentlegvurdering vil ta for seg risiko på eit overordna og generelt grunnlag. Det betyr at undersøkinga ikkje er uttømmende i forhold til dei område som analysen dekkjer. Formålet og resultatet frå denne analysen er å peika på område som kan vera hensiktsmessig å følgje opp med kontrolltiltak i form av mellom anna ein forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Kommunen er ein organisasjon som i utgangspunktet skal forvalte og tilby innbyggjarane det same tenestetilbodet uansett kvar i landet kommunen ligg. Med dette utgangspunktet kan ein sei at kommunane har stor grad av fellestrekk og utfordringar. Såleis er kommunane også utsett for ein del felles risikofaktorar. Dette kan me definere som generell risiko. Dette er risikofaktorar som kommunen kan vera eksponert for fordi kommunen leverer ein konkret tenestetyp. Risikofaktorar som er generelle for kommunane er ofte omtalt i Fylkesmannen sin tilstandsrapport for kommunane. Me kan også finna generelle risikofaktorar i blant anna Helsetilsynet sine tilsynsrapportar.



#### 4. Kommunespesifikk risiko

Det kan eksistera forskjellar mellom kommunane som bl.a. kjem til syne der lokaldemokratiet har valt å tilby tenester som ikkje er lovbestemt. Andre forhold kan t.d. vera når kommunen vel å setja bort tenesteproduksjonen til andre, for eksempel til private verksemder, kommunale verksemder eller interkommunale verksemder/samarbeid. Andre forhold som kan skapa forskjellar mellom kommunar er knytt til demografi og geografi. Dette kan gje ulike utfordringar i forhold til omfang av og val av løysingar som vert ytt til innbyggjarane i forhold til tenestene dei har krav på. I tillegg er det forskjellar i kommunane sine økonomiske føresetnadar på dei einskilde tenesteområda. Dette kan definerast som kommunespesifikk risiko. Dette er risikofaktorar som kommunen kan utsetjast for på bakgrunn av korleis kommunen har valt å organisera, produsera og levera ei teneste på.

#### 5. Aktuelle tema for risikovurdering

Revisjonen vil i samarbeid med kontrollutvalet ta stilling til kva for områder nedanfor ein skal ta med i analysen for kommunen.

Me foreslår å dela analysen over kommunen sin tenesteproduksjon inn i fylgjande **tre perspektiv**:

1. Brukarperspektivet – 2. Organisasjonsperspektivet – 3. Samfunnsperspektivet

- 1. Brukarperspektivet:** Det vil sei risikoen for at brukarane ikkje får dei tenestene dei har krav på gjennom lov og forskrifter og vedtekne mål/vedtak i kommunen.

Mogelege område kan vera:

1.1	Barnehagar	1.11	Omsorgstenester
1.2	Grunnskule	1.12	Psykiatri/psykisk helsevern
1.3	Skulefritidsordninga (SFO)	1.13	Rusomsorg
1.4	Vaksenopplæring	1.14	Funksjonshemma og psykisk utviklingsh.
1.5	Kultur og idrett	1.15	Byggesak
1.6	Økonomisk sosialhjelp	1.16	Vatn og avlaup
1.7	Bustadsosiale tenester	1.17	Renovasjon
1.8	Flyktningar	1.18	Brann- og redningstenester
1.9	Barnevern	1.19	Veg, park og idrettsanlegg
1.10	Helsetenester	1.20	Landbruk

- 2. Organisasjonsperspektivet:** Det vil sei risikoen for at tenesteproduksjon ikkje blir produsert på ein økonomisk effektiv måte eller at den interne kontrollen fungerer tilfredsstillande.

Mogelege område kan vera:

2.1	Organisering	2.8	Arb.gjev.politikk, leiing og kompetanseutv.
2.2	Økonomisk situasjon	2.9	Helse, miljø og sikkerheit (HMS)
2.3	Budsj.prosessen og budsj.oppfølgjing	2.10	Etikk og varsling
2.4	Økonomisk internkontroll	2.11	Eigedomsforvaltninga
2.5	Kommunens eigendelar	2.12	Saksbehandlinga i kommunen
2.6	Offentlege anskaffingar	2.13	Informasjons- og kommunikasjonsteknologi
2.7	Internkontoll (IK) og kvalitetssikring		

- 3. Samfunnsperspektivet:** Det vil sei om kommunen som organisasjon i samhandling med andre offentlege og private organisasjonar klarer å ivareta innbyggjarane sine behov og andre generelle samfunnsinteresser.

Mogelege område kan vera:

- 3.1 Kommunen som aktør i samfunnsutviklinga
- 3.2 Beredskapsplanar, risiko- og sårbarheitsanalysar
- 3.3 Miljø og klima

Me foreslår å laga ein enkel analyse knytta til kor sannsynleg det er at ein uønska situasjon oppstår innanfor dei aktuelle tema som vert gjennomgått. Vidare foreslår me ein analyse knytta til kor alvorlege konsekvensane kan bli dersom eit uønska forhold oppstår knytta til området eller målgruppa for tenesta. Vektinga vil byggje på kjennskap til den ibuande risikoen, dokumentasjon frå skriftlege kjelder og innspel frå deltakarane i den overordna analysen.

Desse to forholda kan samanstillast på fylgjande måte:

**1. Vurdering av kor sannsynleg det er for at eit forhold skjer:**


- Kompleksitet på området (ibuande risiko)
- Risikoreduserande tiltak på området frå kommunen eller andre kontrollorgan vert vurdert ut frå kor stort fokus det er på området /tenesta.

**2. Vurdering av moglege konsekvensar (alvorleghetsgrad) dersom eit forhold oppstår:**

- Kva konsekvensar har det for brukarane dersom kommunen leverer svekka kvalitet på området eller har ei mangelfull teneste. Kor mange vert råka og kor alvorlege er konsekvensane.
- Kva konsekvensar har ein svekka eller mangel på kvalitet på området /tenesta for kommunen som organisasjon. Konsekvensane kan vera relatert til økonomi, omdømme eller eksterne rammebetingelsar.

Vektinga for kor sannsynleg det er at forhold skjer og konsekvensane om det inntreff kan for eksempel utførst med ein skala frå 1 til 3. Der 1 betyr at det er lite sannsynleg at eit forhold skjer og tilsvarande at konsekvensen er liten om forholdet inntreff. Tilsvarande vil talet 3 gi ei vektning som indikerer at det er svært sannsynleg at eit uønska forhold oppstår eller at konsekvensen er alvorleg. Ut frå tallfestinga vil analysen gje eit gjennomsnitt kor sannsynleg nøkkelpersonar/medarbeidarar og revisjonen vurderer risikoen og konsekvensane på dei ulike områda og tenestene.

Dersom det på eit område (eller for ei teneste) er vurdert at risikoen er høg med stor konsekvens, bør ein vurdere å iverksetja nærare undersøking. Hvis vektinga viser at det er høgst sannsynleg at forhold oppstår, men mindre konsekvens, eller at det er mindre sannsynleg at forhold oppstår, men konsekvensen er stor, vil det også vera naturleg å vurdere trongen for grundigare undersøkingar. Denne modellen kan tilpassast både risiko- og vesentlegvurdering knytt til forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i kommunen.



## Dokumentanalyse

På nokon av områda kan det vere aktuelt å fokusere på KOSTRA-tal, herunder kommunen sin ressursbruk vurdert opp mot samanliknande kommunar. Tilsvarende kan det vera aktuelt å samanlikna kommunen med gjennomsnittet i kostragrupper for Eidfjord, Hordaland fylke og landsgjennomsnittet i analysen. Dersom kommunen synes å bruke mindre ressursar enn tilsvarende kommunar innan eit område, kan dette vera indikasjonar på at kommunen sine tenester ikkje er i samsvar med lov og forskrifter eller kommunen sine egne vedtak. Dette kan i sin tur medføre at innbyggjarane sine behov ikkje fullt ut vert ivaretekne. Alternativt kan nemnte forhold også innebera at ressursane er betre utnytta i kommunen enn i tilsvarende kommunar. Eit sikrere svar på årsaka til lågare ressursbruk vil krevja ei grundig og systematisk undersøking.

I vårt prosjektforslag har me markert i raudt dei viktigaste planar og dokument som er tenkt brukt i analysen. Desse dokumenta kan bl.a. brukast til å utarbeida omtalar av dei ulike tenesteområda i rapporten.

I tillegg har me lista opp andre aktuelle planar og dokument som det kan vera relevant å henta inn dersom det eksisterer slike planar/dokument for Eidfjord kommune. Me ser desse som supplement som vil bli vurdert etter behov. Det vil vera naturleg å sjå på tidlegare utførte forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar dei siste åra for å avklara om det er behov for ei oppfølging av desse.

<b>Dokument</b> - <i>ikkje uttømmende liste</i>
Kommuneplan – samfunnsdel
Kommuneplan – arealdel
Handlingsplan / økonomiplan + budsjett
Årsmelding/ -rapport + regnskap
Årshjul (kven, kva, når – økonomi og planar)
Økonomireglement
Beskrivelse av styringssystem /styringsdialog
Organisasjonskart
HMS-plan /-strategi
Oversikt sjukefråvær
ROS-analyser / Risiko og sårbarhet
Beredskapsplan / kriseberedskap / katastrofeplan (med delplanar)
Smittevernplan / Pandemiplan
Kommunikasjonsplan / kommunikasjonsstrategi / informasjonsplan
Delegasjonsreglement
Plan / Strategi for kompetanseutvikling
Arkivplan
IKT-plan / -strategi
Helse / sosial / pleie / omsorg / <b>sektorplan</b>
Bustadsosial handlingsplan
Psykiatriplan
Rusmiddelpolitisk handlingsplan
Oppvekst / <b>sektorplan</b>
Plan for barnehage
Plan for grunnskule
Plan for SFO
Utviklingsmål for skulane
Læringsstrategiar
Lese og skriveopplæringsplan
IKT plan for skule / barnehage
Plan for førebyggjande tiltak for unge
Plan for idrett og fysisk aktivitet
Kulturminneplan



Kultur / <b>sektorplan</b>
Teknisk / <b>sektorplan</b>
Plan for brannvesen
Plan for renovasjon
Plan for vassforsyning
Plan for avløp
Trafikksikringsplan
Landbruksplan
Miljøutfordringar i Landbruket
Energi- og klimaplan
Strategisk næringsplan
Gebyrvedtak / -reglement
Etiske retningslinjer
Verksemdsplanar
Avtalar og dokument knytt til GDPR
Estetikkveileidar
Brukerundersøkingar
Eigarskapsmelding
Sentrale styringsdokument og rekneskap for kommunale verksemder

## 6. Metodikk

Risiko- og vesentlegvurderinga vil m.a. vera bygd på plan- og styringsdokument, KOSTRA-rapporteringa og økonomisk informasjon. I tillegg vil me involvera nøkkelpersonar (administrasjon, politikarar, kontrollutval m/sekretariat) og revisjonen sin generelle kunnskap om risikområde innanfor dei enkelte deler av kommunen.

## 7. Prosjektorganisering og ressursbehov

Prosjektansvarleg	Arne Gilbakken
Prosjektmedarbeidar	Guðrun Marie Helleve, Linda Præstiin, Ragnhild K. Høyland
Antall timar	ca. 160 timar (avhengig av kompleksitet og antall tema)
Vedtaksorgan	Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

## 8. Forslag til prosess

1.	Kontrollutvalet drøftar og godkjenner prosjektplan for Risiko- og vesentlegvurdering – forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll - desember 2019.
2.	Revisjonen gjennomfører drøftingsmøte med kommuneadministrasjonen, ordførar/gruppeleiarane, kontrollutval og sekretariat – februar/mars 2020.
3.	Presentasjon til kontrollutval av analysen med diskusjon om prioriteringar til planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll – august 2020.
4.	Kontrollutvalet handsamar og lager innstilling for plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll til kommunestyret – september 2020.
5.	Kommunestyret handsamar planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll – oktober 2020.





**PS 46/19 Referatsaker**

# NKRFS

## Kontrollutvalgskonferanse

29-30 januar 2020

The Qube – Clarion Hotel & Congress Oslo Airport

Hovedtemaer:


Politikerhets

Rent drikkevann – hva gikk galt?

Bærekraft i et revisjonsperspektiv

Personvern i kommunene

Bompengeselskapene



**Målgruppe:** Ledere/medlemmer av kontrollutvalg, kontrollutvalgssekretærer, revisorer, ordførere, rådmenn og andre som er interessert i tilsyn og kontroll i kommunesektoren

#ku20nkrf

09.00

Registrering og enkel servering

10.00

## Velkommen

► Konferansier Anne Grosvold og daglig leder Rune Tokle, NKRF

10.10

## Åpning

► Kommunal- og moderniseringsminister Monica Mæland (H)

10.40

## Demokratiets kår

► Øystein Djupedal, tidl. politiker, fylkesmann, "Arendalsuke-general" m.m., nå regiondirektør i Husbanken sør

11.20

Pause

11.40

## Hat og trusler mot folkevalgte?

► Carina Riborg Holter, Senior Research Executive i Ipsos  
På oppdrag fra KS har Ipsos kartlagt omfanget av hatefulle ytringer og trusler blant folkevalgte politikere i Norge.

11.50

## Hets av politikere – en trussel mot demokratiet?

Anne Grosvold i samtale med:

- Carina Riborg Holter
- Ole Ueland (H), gruppeleder i Rogaland fylkesting og tidligere ordfører i Sola kommune
- Kamzy Gunaratnam (A), varaordfører i Oslo kommune

12.20

Lunsj

13.20

## Hvordan jobbe i et kontrollutvalg?

► Bård Hoksrud (Frp), leder av kontrollutvalget i Bamble kommune

14.00

Pause

14.20

## Rent drikkevann – hva gikk galt?

► Bård Espelid (Askøylisten), tidligere varaordfører, nå kommunestyrerepresentant, i Askøy kommune

14.45

## Rent drikkevann – en selvfølge?

► Kjetil Furuberg, avdelingsleder vanntjenester i Norsk Vann

15.10

## Rent drikkevann – et felles ansvar

Anne Grosvold i samtale med:  
Innlederne m.fl. (kommer)

15.50

Pause

16.10

## Bærekraft i et revisjonsperspektiv

► Riksrevisor Per-Kristian Foss

17.00

19.30

## Middag



RUNE TOKLE



ANNE GROSVOLD



MONICA MÆLAND



ØYSTEIN DJUPEDEL



CARINA RIBORG HOLTER



OLE UELAND



KAMZY GUNARATNAM



BÅRD HOKSRUD



BÅRD ESPELID



KJETIL FURUBERG



PER-KRISTIAN FOSS

14.20

Minikurs A  
Se info neste side

17.00

09.00

## Bærekraft – hva er det?

- ▶ Carlo Aall, professor og leder for Norsk senter for berekraftig klimatilpassing ved Vestlandsforskning

09.30

## Bærekraftmålene – hva må til lokalt og sentralt?

En samtale med:

- ▶ Carlo Aall
- ▶ Tina Bru (H), andre nestleder i Stortingets energi- og miljøkomite
- ▶ M.fl. (kommer)

10.00

Pause

10.20

## Gode bestillinger og gode analyser – kontrollutvalgets muligheter

Anne Grosvold i samtale med:

- ▶ Beate Marie Dahl Eide (Sp), ordfører i Seljord kommune
- ▶ Torbjørn Berglann, daglig leder i Konsek Trøndelag IKS
- ▶ May Britt Lagesen (A), leder av kontrollutvalget i Steinkjer kommune og medlem av fylkestinget i Trøndelag

11.00

Pause

11.20

## Personvern – hva gjør vi i kommunene?

- ▶ Anette Engum, personvernombud i Bærum kommune

12.00

Pause

12.20

## Bompengeselskapenes pengebruk

- ▶ Peter Svaar, journalist i NRK

13.00

Lunsj

09.00

Minikurs B  
Se info nederst



CARLO AALL



TINA BRU



BEATE MARIE DAHL EIDE



TORBJØRN BERGLANN



MAY BRITT LAGESEN



ANETTE ENGUM



PETER SVAAR



RENATE BORGMO



BJØRN BRÅTHEN



ALEXANDER ETSY JENSEN



ANN KATHARINE GARDNER



KNUT TANEM

11.20

Minikurs C  
Se info nederst

## Minikurs – parallelt med hovedprogrammet

! Begrenset antall plasser

• **Målgruppe: nye ledere og medlemmer av kontrollutvalget**

Onsdag kl 14.20 - 17.00

### A. Kontrollutvalgets formål, rolle og oppgaver

- ▶ Renate Borgmo og Bjørn Bråthen, seniorrådgivere i NKRF

Torsdag kl 09.00 - 10.00

### B. Lederrollen i kontrollutvalget

- ▶ Alexander Etsy Jensen, rådgiver i Temark og tidl. leder av kontrollutvalget og tidl. medlem av kommunestyret i Vennesla kommune

Torsdag kl 11.20 - 13.00

### C. De sentrale momentene for å forstå det kommunale regnskapet

- ▶ Ann Katharine Gardner og Knut Tanem, regnskapsrevisorer i Revisjon Midt-Norge SA





# NKRFs

## Kontrollutvalgskonferanse

### 29-30 januar 2020

#### Påmelding

- Påmeldingsfrist: 12. desember 2019.
- Bindende påmelding skal skje via [NKRFs nettsider](#).
- Faktura vil bli tilsendt etter påmeldingsfristens utløp.
- Det tas forbehold om endringer i programmet.

#### Konferansepriser \*

- Kr 6 900 eks. mva. med overnatting (ikke-medl.: kr 7 300 eks. mva.)
- Kr 5 250 eks. mva. uten overnatting (ikke-medl.: kr 5 650 eks. mva.)
- Kr 1 114 eks. mva. for overnatting m/frokost fra 28. til 29. januar 2020

\*) Deltakere fra kontrollutvalg i kommuner/fylkeskommuner hvor sekretærtjenesten ivaretas av virksomheter som er bedriftsmedlem i NKRF, oppnår medlemspris.

#### Avbestillingsbetingelser

- Avbestilling må skje skriftlig.
- Det vil ved avbestillinger etter påmeldingsfristens utløp kreves et gebyr på kr 500 til dekning av administrasjonsutgifter. Ved avbestilling senere enn en uke før konferansestart belastes 50 % av konferanseavgiften.
- Avbestilling ved legitimert sykdom behandles særskilt.
- Avmelding på konferansedagen, eller ev. uteblivelse, medfører full konferanseavgift.
- Ved hotellreservasjon kommer i tillegg ev. ansvaret overfor hotellet.
- Deltakelse kan ved behov overføres til en annen kollega.

#### Konferansested

[The Qube - Clarion Hotel & Congress Oslo Airport, Gardermoen](#)

#### Forhåndsgodkjenning

11 timer iht. NKRFs krav til etterutdanning.

#### Kontaktinfo

Norges Kommunerevisorforbund, Postboks 1417 Vika, 0115 Oslo  
 Telefon 23 23 97 00 • [post@nkrf.no](mailto:post@nkrf.no) • [www.nkrf.no](http://www.nkrf.no)  
[www.facebook.com/nkrf.no](https://www.facebook.com/nkrf.no) • [www.twitter.com/nkrf](https://www.twitter.com/nkrf)

Velkommen på konferanse!

**NKRF**  
1945 – 2020



**Norges Kommunerevisorforbund**

75 år på vakt for fellesskapets verdier

[www.nkrf.no](http://www.nkrf.no) | [post@nkrf.no](mailto:post@nkrf.no)



**Fra:** Hogne Haktorson (Hogne.Haktorson@hfk.no)

**Sendt:** 12.11.2019 13:37:06

**Til:** Roald Breistein; Kjartan Haugsnes; Helge Inge Johansen

**Kopi:**

**Emne:** VS: Forum for Kontroll og Tilsyn - medlemsinformasjon november 2019

**Vedlegg:**

[Til orientering og oppfølging.](#)

HH

---

**Fra:** Forum for Kontroll og Tilsyn <fkt@fkt.no>

**Sendt:** tirsdag 12. november 2019 10:52

**Til:** Forum for Kontroll og Tilsyn <fkt@fkt.no>

**Emne:** Forum for Kontroll og Tilsyn - medlemsinformasjon november 2019

Hei kontrollutvalgssekretærer!

### Opplysninger om nye kontrollutvalg

De konstituerende møtene er gjennomført og flere av dere er i full gang med møter i de nye kontrollutvalgene. FKT ønsker å nå ut til alle medlemmene i kontrollutvalget med aktuell informasjon og diverse tilbud. Jeg håper derfor at dere kan sende e-postadresser og navn på kontrollutvalgsmedlemmene til meg. Telefonnummeret til utvalgsleder er også fint om dere kan sende. Excel-fil foretrekkes. Takk til dere som allerede har sendt opplysninger til oss!

### Rekruttering av kontrollutvalg i sammenslåtte kommuner

Fra og med 1. januar 2020 mister FKT ca. 20 % av medlemsmassen som en konsekvens av kommunereformen. Vi har som målsetting å rekruttere samtlige av de nyopprettede kommunene der vi fra før har medlemmer blant en eller flere av kommunene som blir slått sammen. Vi vil sende ut tilbud om medlemskap til disse kontrollutvalgene, men vi trenger drahjelp fra dere - i første omgang med kontaktopplysninger.

### Kontrollutvalgslederskolen (21.-22. april)

Les mer om det nye tilbudet på hjemmesiden: <https://www.fkt.no/konferanser/kontrollutvalgsskolen-2020/>

Det er kjempefint om dere allerede nå sprer informasjon om kontrollutvalgslederskolen til de nyvalgte lederne. De vil få en egen invitasjon så snart vi har mottatt kontaktopplysningene.

På hjemmesiden finner dere også opplysninger om [sekretariatskonferansen \(24.-25.mars\)](#) og [fagkonferansen \(3.-4. juni\)](#) [www.fkt.no](http://www.fkt.no) - oppdateres fortløpende.

Vi håper også at vi kan øke aktiviteten på medlemssidene våre. Derfor vil alle medlemmer (ikke bare leder) få tilbud om brukernavn og passord.

Ha en fin novemberdag!



Vh Anne-Karin Femanger Pettersen

Generalsekretær





Fylkeskontrollutvalget i Rogaland

---

Postboks 41 Sentrum, 0101 Oslo | E-post: [fkt@fkt.no](mailto:fkt@fkt.no) | Tlf.: 41471166

| [www.fkt.no](http://www.fkt.no) | [www.twitter.com/@FKT\\_no](https://www.twitter.com/@FKT_no) [www.facebook.com/FKT.no/](https://www.facebook.com/FKT.no/)

**FKT - En møteplass for kommunale og fylkeskommunale kontrollutvalg og deres sekretariat**

**PS 47/19 Eventuelt**